

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Arkivsak : 16/810 -

Arkivkode: 500

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

- | | | |
|-----------------|-----------|--|
| Vedlegg: | 1. | Planomtale – høyringsutgåve, dagsett 13.02.17 |
| | 2. | Plankart |
| | 3. | Høyringsnotat, dagsett 14.02.17 |
| | 4. | Skriv til HFK , dagsett 15.09 |

SAKSUTGREIING TIL MØTE 08.03.2017:

Regional kystsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er no sendt ut på ei ny, avgrensa høyring.

Ved førre handsaming av planen gav Tysnes kommune ved formannskapet sak 80/16 slik uttale:

«Tysnes kommune meiner at utkast til Regional Kystsonesplan bør forkastast slik den ligg føre.

Me vil i den samanheng først og fremst peika på følgjande tilhøve:

- Plangrensene i planframlegget må justerast opp mot den tilstøytande interkommunale strandsoneplanen.*
- I framlegget overser fylkeskommunen gjeldande kommuneplan og viser til at denne må tilpassast Kystsonesplanen ved neste rullering.*
- I framlegg til Kystsonesplan er ikkje tilhøve til dei gjeldande arealbruksføremåla avsett i kommuneplanen teke opp, kartfesta og analysert. Dei er berre ignorert.*
- Framlegg til Kystsonesplan set avgrensingar for akvakultur som ikkje synes å vera fagleg grunngjeve.*
- Framlegg til Kystsonesplan synes å vera ein verneplan utan evne til å sjå på utvikling av akvakultur i eit perspektiv der dette er ei viktig næring som også har utvikling som kan opna opp for nye tilnærmingar frametter.*

- *Framlegg til utviding av eksisterande akvakulturområde ved Vernøya og Ånuglo grip direkte inn i regionale viktige friluftsområde og bør/må ikkje utvidast. Dette vil vel etter vårt syn også vera i strid med regionale og nasjonale føringar, Områda rundt Vernøya og Ånuglo er avsett til NF-område i sjø (Natur- og friluftsområde i sjø) i gjeldande kommuneplan og må vidareførast.*
- *Andre område i kommuneplan som er avsett til akvakultur, eller føremål i kombinasjon med akvakultur må vidareførast.*
- *Framlegg til retningslinjer må skrivast om slik at ein unngår bruk av skal/må i ein plan som ikkje er juridisk bindande.*

Tysnes kommune meiner at planen ikkje vil tena som noko anna enn eit grunnlag for fylkeskommunale motsegner på eit svakt fagleg grunnlag. Planen har ingen strategisk tilnærming som opnar for ny innsikt i kommunen si vurdering av kystsona. Planen har heller ikkje eit kunnskapsgrunnlag som gjer at den vil vera nyttig for kommunen si vidare planlegging av kystsonen. Planen vil såleis føra til uturvande byråkratisering av framtidige planprosessar mellom Hordaland Fylkeskommune og Tysnes kommune.»

Etter at planen var oppe til uttale sist er det gjennomført kommunevise møte om planen, me viser her til skriv dagsett 15. september 2016 som er einaste oppsummering me har frå det administrative møte mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune som vart gjennomført 24. august 2016.

Om endringar i høyringsframlegget:

Endringar som er gjort i planen går fram av notat frå Hordaland fylkeskommune dagsett 14. februar d.å.

Det er gjort ein del redaksjonelle endringar i planen som trass alt gjer at plandokumenta framstår noko meir oversiktleg. Av redaksjonelle endringar kan nemnast at retningslinjer, konsekvensutgreiing og metode no er samla i under eigne kapittel i sjølve planomtalen

Dei redaksjonelle endringane er for så vidt positive, men dei endrar lite i innhaldet på planen, det skal likevel merkjast at det også er gjort endringar i høve til innhaldet. Dei viktigaste endringane slik me vurderer det er at:

- 1) Areal som er avklart i gjeldande kommuneplanar er no tekne inn i planen. Det må likevel peikast på at nokre avklarte areal ikkje er tekne med i plankartet med utgangspunkt i vurderingsmetodikken planen nyttar.
- 2) Retningslinjene er revidert mellom anna gjennom følgjande:
 - a. Betre kopling mellom plankart og retningslinjer
 - b. Tydeleggjort verknader og rammer for planen
 - c. Tydeleggjort retningslinjer for arealsone landskapsområde
 - d. Sikra moglegheit for lokalt handlingsrom for ny teknologi og nye artar knytt til oppdrettsnæringa
 - e. Forenkling av retningslinjer for strandsona.

Det kan seiast at det er positivt at planen no har teke opp i seg areal som er avklara gjennom gjeldande kommuneplanar, men det er overraskande at fylkeskommunen har teke ut nokre avklarte areal med utgangspunkt i dei relativt lettbeinte konsekvensvurderingane som er gjort. Me merkjer oss at areal som er avklart i vår kommuneplan sør for Skorpo i planframlegget har fått ei arealsone som ikkje er i samsvar me våre arealplan. Tilsvarende gjeld for eit område i Søreidsvika. Plankartet som følgjer oversendinga burde synleggjort denne endringa.

Me merkje oss elles at arealsone *Landskap* er nytta som arealsonekategori langt oppå land i område Godøysund og i Søreidsvika/Bårdsund. Det synes noko uklart kva konsekvensar dette vil ha for framtidig kommunal planlegging i desse områda.

Nærare om retningslinene i planen:

Retningslinene i planen er delt inn under følgjande hovudoverskrifter:

1. Verknader av planen
2. Generelle retningsliner
3. Arealsoner

Verknader av planen

Planen er ein regional plan heimla i plan og bygningslova (plb) § 8-1, etter pbl. § 8-2 skal planen «legges til grunn» for kommunen si vidare planlegging. Planen er ikkje juridisk bindande, men så framt den skal leggjast til grunn i kommunen si planlegging vil planen i realiteten binde opp kommunen. Når den regionale planen er innarbeidd i kommunen sine planar vil den også vera juridisk bindande for andre.

I retningslinene § 1, pkt 1.4 heiter det at det regionale plankartet og retningslinene er retningsgjevande for vidare kommunal planlegging og konsekvensutgreiing. Det at planen er retningsgjevande kan tolkast som noko mildare enn at planen skal «legges til grunn». Det kan likevel neppe vera tvil om at verknadene av planen trass i dette er at planen skal leggjast til grunn i kommunen si planlegging.

Me merkjer oss at det er ein inkosistens mellom målet om at planen skal vera retningsgivande og den utstrakte bruken av formuleringane «skal» og «må» i retningslinene. Dersom fylkeskommunen meiner at planen berre skal vera retningsgjevande må dei heller nytte formuleringar some «kan» og «bør».

Med utgangspunkt i fylkeskommunen sin gjennomgang av verknader av planen vil me tilrå at det vert endra status frå plan til *kunnskapsgrunnlag* då det gjev betre samsvar med dei intensjonane fylkeskommunen legg til grunn i retningslinene. Det er ei rekkje slike fylkeskommunale kunnskapsgrunnlag som i dag er viktig i kommunal planleggjing utan at dei er gjeve status som regional plan, me nemner til dømes landskapskartlegging og verdsetjing av friområder.

Generelle retningsliner:

Under generelle retningsliner er det gjort ei vidare inndeling langs ulike tema. Punkt 2.2 i dei generelle retningslinene slår fast at den regionale planen er ein overordna plan som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve, sett i ljøs av dette er det svært overraskande at retningslinene for mellom anna strandsona er så detaljerte. Det er vanskeleg å sjå at planen overlet særleg rom for lokalt skjønn når me til dømes ser på punkt 2.4.2. Når planen likvel vel å gå inn i strandsona på så detaljert nivå er det overraskande at planen ikkje gjer noko vurderingar knytt

til samanheng mellom næringsaktivitet på sjø og behov for oppland i strandsona. Den manglande samanhengen her verkar ytterlegare til å forsterka inntrykket av at planen primært er ein verneplan.

Det skal nemnast at planen gjennom retningsline punkt 2.16 gjev eit visst rom for å avsetja meir sjøareal til akvakultur for «større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar.» Det er litt usikkert kva som i denne samanheng meinest med «større» nyvinningar, men presiseringa tyder vel på at det må ein del til for å få sett av større sjøområder. Me veit mellom anna at eit alternativ til medikamentell behandling av lus kan vera bading i oppvarma vatn (thermolicer), dette krev igjen ei stor utviding av det fysiske arealet for anlegget sjølv om det ikkje er endringar i tillatt biomasse. Planen slik den no ligg føre tek ikkje høgde for denne type endringar.

Arealsoner i plankart

Arealsoner må vurderast i samanheng med den metodiske tilnærminga som er vurdert under kapittel 10. Vår vurdering av den metodiske tilnærminga er at den er svært konserverande og ikkje er eigna til å skape ei balansert utvikling mellom vekst og vern.

Dei metodiske grepa vert på eit vis fylgt vidare opp i planen si soneinndeling. Me ser til dømes at arealsone *Landskapsområde* er skildra som «regional viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne» Etter retningslinene punkt 3.1.2 er det framheva at nye tiltak skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Nye areal for akvakultur og større, varige tekniske inngrep skal i hovudssak ikkje tillatast. Etter vårt syn er ein stor sekkepost som er knytt til ulike vernetiltak sterkt konserverande og bidreg også til å vanskeleggjera kommune si planlegging då det ikkje går fram kva av desse verdiane som er særskilt vektlagt. Tysnes kommune meiner at ein slik bruk av arealsoner som planen legg opp til ikkje er i samsvar med *Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan - del 2.2 fastsett per 12.12.2014*.

Planen gjev ingen insentiv, eller særlege moglegheiter for kommunal planlegging, såleis verkar planen til å sementere kommunen sin eksisterande plan i kystsona. Tvert om gjev eigentleg planen ein insentiv til at kommunen bør halde kystarealet utanfor seinare reguleringar då det i dag er slik at kommuneplanen trass alt er gjeldande, enn så lenge...

Konklusjon:

Slik planen framstår p.t. meiner med at det framleis er grunnlag for å oppretthalde hovudtrekka i vår opphavlege uttale. Det er likevel to punkt som tilseier at høyringsfristen bør utsetjast.

1. Planen bør vurderast i samanheng med framlegg til marin verneplan som akkurat er kome på høyring. Kva konsekvensar dei to planane saman vil ha for den kommunale forvaltninga av kystsona og kva konsekvensar dei har for viktige vekst- og verneinteresser må avklarast nærare.
2. Planen bør også vurderast i samanheng med den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland som no er under arbeid, denne planen er ikkje venta å kome opp til vedtak før hausten 2017.

Forutan dette nemner me at Hordaland fylkeskommune også har lagt opp til dialogmøter ultimo mars noko som gjer at det er vanskeleg å gje ei endeleg uttale no.

Dersom kommunen vil klage på regional plan er det høve til det, ein slik klage skal varslast under høyringa. Rådmannen vurderer at me i alle tilfelle kan varsle ein slik klage og at me bør nytta klageretten så framti ikkje fylkeskommunen vel å følgja vårt råd om å nedgradere frå *plan* til *kunnskapsgrunnlag*.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN TIL MØTE 08.03.2017:

Tysnes kommune ber om utsetjing av høyringsfristen slik at planen kan vurderast i samanheng med med framlegg til marin verneplan som no er lagt ut på høyring, i tillegg til dette har Hordaland fylkeskommune invitert til dialogmøte som bør gjennomførast før det vert gjeve ei endeleg uttale. Uttalen krev politisk handsaming og det vert såleis bede om at frist for uttale vert sett til hausten 2017 og at planen vert samordna i tid med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland.

Dersom det ikkje vert gjeve utsetjing vurderer Tysnes kommune det slik at hovudtrekka i vår opphavlege uttale framleis står ved lag.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek planen i si noverande form vil Tysnes kommune vurderer å klaga inn vedtaket etter plan og bygningslova § 8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplan.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 08.03.2017:

Rådmannen ba om at det vart gjort ei justering av første avsnitt i innstillinga.

Ordføraren sette fram slikt samla framlegg til vedtak:

«Tysnes kommune ber om utsetjing av høyringsfristen slik at planen kan vurderast i samanheng med med framlegg til marin verneplan som no er lagt ut på høyring, i tillegg til dette ber me om at planen vert samordna i tid med interkommunal strandsoneplan. Det vert også vist til at fylkeskommunen har invitert til dialogmøter som bør gjennomførast før det vert gjeve uttale. For å sikra samordning med strandsoneplanen ber me om utsetjing til hausten 2017.

Dersom det ikkje vert gjeve utsetjing vurderer Tysnes kommune det slik at vår opphavlege uttale framleis står ved lag.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek planen i si noverande form vil Tysnes kommune vurderer å klaga inn vedtaket etter plan og bygningslova § 8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplan.»

Framlegg til vedtak frå ordførar vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I FORMANNSKAPET 08.03.2017:

Tysnes kommune ber om utsetjing av høyringsfristen slik at planen kan vurderast i samanheng med med framlegg til marin verneplan som no er lagt ut på høyring, i tillegg til dette ber me om at planen vert samordna i tid med interkommunal strandsonerplan. Det vert også vist til at fylkeskommunen har invitert til dialogmøter som bør gjennomførast før det vert gjeve uttale. For å sikra samordning med strandsonerplanen ber me om utsetjing til hausten 2017

Dersom det ikkje vert gjeve utsetjing vurderer Tysnes kommune det slik at vår opphavlege uttale framleis står ved lag.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek planen i si noverande form vil Tysnes kommune vurderer å klaga inn vedtaket etter plan og bygningslova § 8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplan.

SAKSUTGREIING TIL MØTE 19.04.2017:

Hordaland Fylkeskommune har gjeve utsett høyringsfrist til 12. mai 2017. I utgangspunktet kunne me tenkt oss noko lengre frist, men ser at det er tenleg å gje ei uttale innan denne fristen.

Kjernen i saken er som tidlegare at me primært ikkje ønskjer Regional kystsonerplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger vedteken som regional plan, men me bør også gje ein subsidiær uttale for å ivareta våre interesser om den likevel skulle verta vedteken som plan. Me deler desse innspel mellom innspel til plankart og innspel til retningslinene.

Plankart:

Plankartet er med få unntak ein kopi av kommuneplanen sitt plankart frå 2003. Plankartet verkar såleis konserverande og ber preg av at det er ei kartlegging av bakoverskuande karakter og ikkje ein plan med framtidsretta karakter. Dette peikar mot at det ikkje bør nyttast plankart.

I plankartet er ein del eksisterande lokalitetar utvida for å få plass til anlegg som faktisk ligg der i dag, tilsvarande grep bør gjerast langs dei andre lokalitetane som er teikna inn i Langenuen.

Dersom det er meining at område avsett til akvakultur også skal vera tilstrekkeleg til å ivareta fortøying av anlegga må ein del område utvidast, alternativt må det presiserast i retningslinene at forankring av anlegg kan liggja utanfor det avsette arealføremålet.

Innteikna landskapsområde må avgrensast til sjøområde og ikkje trekkast opp over større landområder i Bårdsund og rundt Godøysund.

Plankartet bør ut frå målsetjinga som har lagt til grunn for arbeidet også kartfesta sjønære næringsområder for å ivareta sjøbunden næring sine behov for tilstøytande landareal.

I den grad planen skal ha ein kartdel må også nye område vurderast ikkje minst opp mot tilhøve som vassgjennomstrøyming, djupna og innverknad på sjukdomsførebygging i havbruksnæringa. Me vil i den samanheng vise til tidlegare søknad frå Lerøy om etablering av anlegg nord for Reksteren. Tysnes kommune ville ikkje vurderer dette som dispensasjon, men

opna opp for å gjera ny vurdering ved neste rullering av kommuneplanen og den kommunale kystsona.

Retningsliner:

Tysnes kommune har følgjande merknader til retningslinene som følgjer planen,.

Retningsline 1.5:

Denne retningslina kan gå ut då det føl hovudregelen i areal og ressurspolitikken at endringar primært skal skje gjennom plan og ikkje gjennom dispensasjon. I dei tilfella lova sine krav om bruk av dispensasjon ligg føre skal dispensasjon kunne nyttast.

Retningsline 2.11:

Det er ikkje behov for denne retningslina då dette i dag vert styrt gjennom naturmangfaldlova og plan- og bygningslova sine føresegner om konsekvensutgreiing. Kva naturtypar som krev særskilt vern er i stadig endring då omfanget av kartlegging synes å vera mangelfullt. Tysnes kommune ber om at retningslina fell vekk, eller i det minste at retningslina vert avslutta etter første punktum. Det er litt uklart om det er slik at fylkeskommunen meiner at karakteristiske naturtypar i samsvar med oppramsinga skal ha eit særskilt vern gjennom planen.

Retningsline 2.13

Denne retningslina bør gå ut då det ikkje er vedteke noko marint verneområde p.t. Dersom det seinare vert etablert eit slikt verneområde må me gå ut frå at retningslinene for verneområde er tilstrekkeleg til å ivareta turvande vern!

Retningsline 2.16

Det synes uklart kva som vert meint med denne retningslina, dersom det vert meint at kommunen i si planlegging skal vurdere på nye og eksisterande område gjennom ei meir detaljert kommuneplanlegging så er det fornuftig. I så tilfelle betyr det at det kartet som ligg til grunn i den regionale planen kan skrinleggjast då det uansett ikkje har noko styring og at det stort sett berre er ein kopi av gjeldande kommuneplanar.

Dersom fylkeskommunen her meiner at det skal utarbeidast detaljreguleringsplanar i sjø så er det i så tilfelle ein heilt ny tilnærming som heller ikkje er i samsvar med overordna nasjonale føringar. Det er viktig at innhaldet i denne retningslina vert nærare avklara.

Andre punktum i retningslina framstår også som uklart og me gjer framlegg om slik omformulering: «Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur der det vert vurdert som hensiktsmessig ut frå næringa sine behov vurdert opp mot andre interesser i det aktuelle området.» Ei slik formulering tar høgde for at det kan vera andre tilhøve enn teknologiske nyvinningar eller nye artar som gjev grunnlag for vurdering av nye områder. Det kan til dømes tenkjast at nye vurderingar knytt til sjukdomsførebygging hjå fisk kan gje grunnlag for å avsetja nye områder. Den føringa fylkeskommunen i dag legg opp til vil i realiteten avgrensa kommunen si plikt til å gjera ei heilskapleg konsekvensvurdering.

Retningsline – Strandsona

I utgangspunktet meiner me at retningsliner for strandsona ikkje er relevant for denne planen utover å visa samanheng mellom aktivitet i kystsona og behov for tilstøytande anlegg på land.

Retningsline 2.24

Retningslina kan ikkje setje til side, eller avgrensa lovkrava som følgjer av medverknadsprosessar i planlegginga.

Retningsline 2.25:

Denne retningslina har ingen relevans til planen sitt føremål og heller ingen anna relevans og bør såleis strykast.

Retningsline 2.27:

Her må det avklarast kva som vert meint, er meininga her at det er funksjonell strandsone som skal følgjast i størst mogleg grad uavhengig av 100 meters belte. I så tilfelle må det avklarast litt tydelegare i samband med planen. I ljøs av retningsline 2.28 kan retningsline 2.27 verta teke ut av planen.

Retningsline 2.29 til 2.35

Desse retningslinene bør gå ut då dei bør ivaretakast gjennom kommuneplan og den interkommunale planen for strandsona som er under arbeid. I den grad planen skal ha retningsliner for deler av dette bør dei vera avgrensa til dei tilfella der det er naudsynt for å oppretthalda samband mellom aktivitet i kystsona og strandsona.

Retningsline 2.39 til 2.42

Det er heilt uforståeleg at det vert nytta så mykje plass til retningsliner for naust med referanse til planen sitt føremål og planområde. Det vert bede om at desse retningslinene vert teke ut av planen. Retningsliner for naust må ivaretakast gjennom interkommunal strandsoneplan og kommunane si eigen planlegging

Retningsline 3.3.2

I retningslina vert det lagt opp til at akvakulturområde på kommuneplan nivå i hovudsak skal avsetjast som einbruksområde akvakultur. Tysnes kommune er fullstendig usamd i denne føringa. Me har gode røynsle med avsetjing av til akvakulturføremål i fleirbruksområde, me vil også visa til at dette kan vurderast analog opp mot områder for landbruk der fleirbruksområde er nytta gjennomgåande. Å krevja einbruksområde vil kunna skapa uturvande arealkonfliktar og lite fleksibilitet.

Når det gjeld spørsmål om fortøying som også vert vurdert i denne retningslina ber me om at det vert trekt ut i ei eiga retningsline og vist til at fortøyingane kan gå utover føremålsgrensa og elles vera i tråd med nasjonale retningsliner.

Retningsline 3.3.3

Tysnes kommune er som me har nemnt fleire gonger positive til at det i større grad vert vist sambruk mellom kyst- og strandsone. Retningslina bør derimot i større mon leggja til rette for at havbruksnæringa også få tilstøytane næringsområder i strandsona for å redusera seglingstida. Basefunksjonar på land synes å vera ei fråverande tema i denne planen, men det må som eit minimum inn i retningslinene.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Tysnes kommune er positiv til at det er gjort einiskilde grep for å rydda i plandokumenta og at planen no betre er tilpassa kommuneplanen. Dette inneber likevel ikkje at planen reelt sett har blitt monaleg betre, korkje i val av metode eller i måten den adresserer viktige problemstillingar på.

Tysnes kommune meiner at planen slik den no ligg føre ikkje har svart opp måla som vart sett i planprogrammet. Det er særskilt vanskeleg å sjå at «*Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.*»

Planen synes å vera bakoverskuande og kan såleis ikkje seiast å eigentleg vera ein plan i det heile. Planen er ei kartlegging av dagens situasjon og kan såleis vera eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging av kystsona. Det er naturleg at det vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein plan.

På vesentlege punkt viser me til at vår opphavlege uttale framleis står ved lag, me ber såleis om at planen vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein regional plan.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek planen i si noverande form vil Tysnes kommune vurdera å klaga inn vedtaket etter plan og bygningslova § 8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplan.

Subsidiært har me følgjande konkrete merknader til plankart og retningsliner, me ber om at dei vert vurdert i den vidare oppfølginga av planen.

Plankart:

Plankartet er med få unntak ein kopi av kommuneplanen sitt plankart frå 2003. Plankartet verkar såleis konserverande og ber preg av at det er ei kartlegging av bakoverskuande karakter og ikkje ein plan med framtidretta karakter. Dette peikar mot at det ikkje bør nyttast plankart.

I plankartet er ein del eksisterande lokalitetar utvida for å få plass til anlegg som faktisk ligg der i dag, tilsvarande grep bør gjerast langs dei andre lokalitetane som er teikna inn i Langenuen.

Dersom det er meining at område avsett til akvakultur også skal vera tilstrekkeleg til å ivareta fortøyning av anlegga må ein del område utvidast, alternativt må det presiserast i retningslinene at forankring av anlegg kan liggja utanfor det avsette arealføremålet.

Innteikna landskapsområde må avgrensast til sjøområde og ikkje trekkast opp over større landområder i Bårdsund og rundt Godøysund.

Plankartet bør ut frå målsetjinga som har lagt til grunn for arbeidet også kartfesta sjønære næringsområder for å ivareta sjøbunden næring sine behov for tilstøytande landareal.

I den grad planen skal ha ein kartdel må også nye område vurderast ikkje minst opp mot tilhøve som vassgjennomstrøyming, djupna og innverknad på sjukdomsførebygging i havbruksnæringa. Me vil i den samanheng vise til tidlegare søknad frå Lerøy om etablering av anlegg nord for Reksteren. Tysnes kommune ville ikkje vurdere dette som dispensasjon, men opna opp for å gjera ny vurdering ved neste rullering av kommuneplanen og den kommunale kystsona.

Retningslinjer:

Tysnes kommune har følgjande merknader til retningslinene som følgjer planen,.

Retningsline 1.5:

Denne retningslina kan gå ut då det føl hovudregelen i areal og ressurspolitikken at endringar primært skal skje gjennom plan og ikkje gjennom dispensasjon. I dei tilfella lova sine krav om bruk av dispensasjon ligg føre skal dispensasjon kunne nyttast.

Retningsline 2.11:

Det er ikkje behov for denne retningslina då dette i dag vert styrt gjennom naturmangfaldlova og plan- og bygningslova sine føresegner om konsekvensutgreiing. Kva naturtypar som krev særskilt vern er i stadig endring då omfanget av kartlegging synes å vera mangelfullt. Tysnes kommune ber om at retningslina fell vekk, eller i det minste at retningslina vert avslutta etter første punktum. Det er litt uklart om det er slik at fylkeskommunen meiner at karakteristiske naturtypar i samsvar med oppramsinga skal ha eit særskilt vern gjennom planen.

Retningsline 2.13

Denne retningslina bør gå ut då det ikkje er vedteke noko marint verneområde p.t. Dersom det seinare vert etablert eit slikt verneområde må me gå ut frå at retningslinene for verneområde er tilstrekkeleg til å ivareta turvande vern!

Retningsline 2.16

Det synes uklart kva som vert meint med denne retningslina, dersom det vert meint at kommunen i si planlegging skal vurdere på nye og eksisterande område gjennom ei meir detaljert kommuneplanlegging så er det fornuftig. I så tilfelle betyr det at det kartet som ligg til grunn i den regionale planen kan skrinleggjast då det uansett ikkje har noko styring og at det stort sett berre er ein kopi av gjeldande kommuneplanar.

Dersom fylkeskommunen her meiner at det skal utarbeidast detaljreguleringsplanar i sjø så er det i så tilfelle ein heilt ny tilnærming som heller ikkje er i samsvar med overordna nasjonale føringar. Det er viktig at innhaldet i denne retningslina vert nærare avklara.

Andre punktum i retningslina framstår også som uklart og me gjer framlegg om slik omformulering: «Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur der det vert vurdert som hensiktsmessig ut frå næringa sine behov vurdert opp mot andre interesser i det aktuelle området.» Ei slik formulering tar høgde for at det kan vera andre tilhøve enn teknologiske nyvinningar eller nye artar som gjev grunnlag for vurdering av nye områder. Det kan til dømes tenkjast at nye vurderingar knytt til sjukdomsførebygging hjå fisk kan gje grunnlag for å avsetja nye områder. Den føringa fylkeskommunen i dag legg opp til vil i realiteten avgrensa kommunen si plikt til å gjera ei heilskapleg konsekvensvurdering.

Retningsline – Strandsoner

I utgangspunktet meiner me at retningsliner for strandsona ikkje er relevant for denne planen utover å visa samanheng mellom aktivitet i kystsona og behov for tilstøytande anlegg på land.

Retningsline 2.24

Retningslina kan ikkje setje til side, eller avgrensa lovkrava som følgjer av medverknadsprosessar i planlegginga.

Retningsline 2.25:

Denne retningslina har ingen relevans til planen sitt føremål og heller ingen anna relevans og bør såleis strykast.

Retningsline 2.27:

Her må det avklarast kva som vert meint, er meininga her at det er funksjonell strandsona som skal følgjast i størst mogleg grad uavhengig av 100 meters belte. I så tilfelle må det avklarast litt tydelegare i samband med planen. I ljøs av retningsline 2.28 kan retningsline 2.27 verta teke ut av planen.

Retningsline 2.29 til 2.35

Desse retningslinene bør gå ut då dei bør ivaretakast gjennom kommuneplan og den interkommunale planen for strandsona som er under arbeid. I den grad planen skal ha retningsliner for deler av dette bør dei vera avgrensa til dei tilfella der det er naudsynt for å oppretthalda samband mellom aktivitet i kystsona og strandsona.

Retningsline 2.39 til 2.42

Det er heilt uforståeleg at det vert nytta så mykje plass til retningsliner for naust med referanse til planen sitt føremål og planområde. Det vert bede om at desse retningslinene vert teke ut av planen. Retningsliner for naust må ivaretakast gjennom interkommunal strandsonoplan og kommunane si eigen planlegging

Retningsline 3.3.2

I retningslina vert det lagt opp til at akvakulturområde på kommuneplan nivå i hovudsak skal avsetjast som einbruksområde akvakultur. Tysnes kommune er fullstendig usamd i denne føringa. Me har gode røynsle med avsetjing av til akvakulturføremål i fleirbruksområde, me vil også visa til at dette kan vurderast analog opp mot områder for landbruk der fleirbruksområde er nytta gjennomgåande. Å krevja einbruksområde vil kunna skapa uturvande arealkonfliktar og lite fleksibilitet.

Når det gjeld spørsmål om fortøying som også vert vurdert i denne retningslina ber me om at det vert trekt ut i ei eiga retningsline og vist til at fortøyingane kan gå utover føremålgrensa og elles vera i tråd med nasjonale retningsliner.

Retningsline 3.3.3

Tysnes kommune er som me har nemnt fleire gonger positive til at det i større grad vert vist sambruk mellom kyst- og strandsona. Retningslina bør derimot i større mon leggja til rette for at havbruksnæringa også få tilstøytane næringsområder i strandsona for å redusera seglingstida. Basefunksjonar på land synes å vera ei fråverande tema i denne planen, men det må som eit minimum inn i retningslinene.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)